

Årsakskravet «direkte skyldes» i naturskadeerstatningslova § 4 første ledd

Ingrid Marie Myklebust: Master i rettsvitenskap ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen (2019). No tilsett som stipendiat same stad.

Ingrid.Myklebust@uib.no

SAMANDRAG

Skade som «direkte skyldes» naturulukker, gjev rett til naturskadeerstatning etter naturskadeerstatningslova § 4 første ledd. Det strenge årsakskravet er sentralt for ansvarsfordelinga mellom staten og dei skadelidne etter naturulukker. Artikkelen bidreg særleg med forsøk på avklaring av kva årsakskravet inneber overfor tilfelle der skaden skuldast samvirke mellom ei naturulukke og ein annan årsaksfaktor. Rettskjeldene gjev få bidrag, og med utsikter til fleire naturskadar som følgje av klimaendringane er det viktig å løyse tolkingsproblema.

Nøkkelord: naturskadeerstatning, årsakssamband, årsakskrav, årsaks kvalitet, hovudårsak

1. Innleiing¹

1.1 Problemstillinga

Når ekstremvêr og naturhendingar som til dømes stormar, skred, flaumar, bølger og sjøgang leier til skade, er eit viktig spørsmål for den skadelidne om, frå kven og på kva vilkår han har rett på kompensasjon. Utgangspunktet er at den skadelidne må bere tapet sjølv. Berre der det finst særskilte heimlar for erstatning, og den skadelidne innfrir vilkåra som er stilt for å ha rett til slik kompensasjon, kan han få tapet sitt dekt. Sidan det (normalt) ikkje står nokon ansvarleg skadevaldar bak naturhendingane, er det oftast ingen å rette eit erstatningskrav mot. Den statlege naturskadeerstatningsordninga kjem derimot den skadelidne i nokon grad i møte: Om det skadde objektet ikkje *kunne* vore forsikra mot naturskade gjennom ei alminneleg forsikringsordning og den skadelidne er eit privat rettssubjekt som heller ikkje *har* andre forsikringar som dekkjer tapet, kan han med heimel i naturskadeerstatningslova² søkje staten om naturskadeerstatning.³ Det er skadar som «direkte skyldes naturulykke» som kan dekkjast med naturskadeerstatning, jf. § 4 første ledd.⁴ Den statlege naturskadeerstatningsordninga gjev altså kompensasjon for somme av skadane som skuldast ekstraordinære eller uvanlege naturhendingar,⁵ og som dei private skadelidne ikkje får kompensert gjennom forsikringar. Ordninga byggjer dimed på ei ansvarsfordeling mellom staten og enkeltpersonane, der staten *ex gratia* av velferdsomsyn har teke på seg ansvar for visse skadar frå visse følgjer – overordna sagt naturhendingar den skadelidne ikkje kan ventast å verne seg mot.⁶

Emnet for denne artikkelen er kva årsakskravet «direkte skyldes» inneber. I motsetnad til andre særleg kjende erstatningsrettslege årsakskrav er kravet om faktisk årsakssamband og den rettslege avgrensinga av årsakssambandet skilt ut i kvart sitt vilkårsord: ordet «skyldes»

¹ Artikkelen er ein omarbeidd versjon av delar av masteroppgåva eg leverte ved Universitetet i Bergen våren 2019: «Naturulukkevilkåret og årsakskrava i naturskadeerstatningslova § 4 første og andre ledd». Eg fekk Klimastipendet, finansiert av Sparebanken Vest og Fritt ord, for å arbeide med emnet – takk! Takk også til lagdommar (då professor) Bjarte Askeland for framifrå rettleiing under arbeidet med masteroppgåva, og til professor Anne Marie Frøseth, førsteamanuensis Jan-Ove Færstad og den anonyme fagfellen for nyttige tilbakemeldingar på utkast til artikkelen. Feil og manglar svarer eg for sjølv.

² Lov 15. august 2014 nr. 59 om erstatning for naturskader. Lova er ei vidareføring av lov 25. mars 1994 nr. 7 om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadelova 1994) og lov 9. juni 1961 nr. 24 om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadelova 1961).

³ Sjå særleg naturskadeerstatningslova §§ 2 til 4.

⁴ Naturskadeerstatningslova § 4 første ledd vidarefører rettstilstanden i naturskadelova 1994 § 4 første ledd og naturskadelova 1961 § 5 første ledd, sjå Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25 og Prop. 80 L (2013–2014) s. 58. Naturskadeerstatningslova § 4 andre ledd gjev ein ny unntaksregel om at det i «særlege tilfeller» også kan gjevast erstatning for «nærliggende følge» av naturulukker. Denne føresegna fell utanfor rammene av artikkelen.

⁵ Prop. 80 L (2013–2014) s. 37.

⁶ Sml. at naturulukkene er ekstraordinære og uvanlege naturhendingar, jf. Prop. 80 L (2013–2014) s. 37, og at erstatninga har til føremål å kompensere tap som ikkje kunne vore unngått med vanlege tiltak, jf. Prop. 80 L (2013–2014) s. 45.

gjev kravet om faktisk årsakssamband, medan ordet «direkte» gjev eit supplerande krav til korleis dette faktiske årsakssambandet må vere for å vere rettsleg relevant.⁷ Særleg ordet «direkte» gjev inntrykk av at årsakskravet er strengare enn årsakskravet i den generelle erstatningsretten. Samstundes er det uklart kva kvalifikasjonskrav vilkåret stiller for at ein årsaksfaktor skal reknast som rettsleg relevant, særleg i tilfella der skaden skuldast samvirke mellom naturulukka og ein annan årsaksfaktor. Dette gjer det særleg interessant å undersøke kor strengt årsakskravet er. Til dette kjem at klimaendringane er venta å leie til endå meir ekstremvêr og fleire skadegjerande naturhendingar.⁸ Vernet frå naturskadeerstatningsordninga kan difor ventast å verte særleg viktig i framtida.

1.2 Verkeområde – relevante årsaksfaktorar og skadeobjekt

For å få eit bilete av kva typetilfelle årsakskravet vert brukt på, er det naudsynt å vite litt om kva årsaksfaktorar som reknast som naturulukker, og kva objekt som vert verna av naturskadeerstatningsordninga. Lovteksten uttrykkjer dei relevante skadegjerande hendingane som «naturulykker så som skred, storm, flom, stormflo, jordskjelv og vulkanutbrudd». Opprekninga er ikkje uttømande døme på naturulukker.⁹ I praktisk rettsbruk er det dei konkretiserte naturulukketypane som er mest aktuelle å ta utgangspunkt i.¹⁰ Kva hendingar som kvalifiserer som denne typen ulukker i *naturskadeerstatningslova* si tyding, er då også spesifisert gjennom rettskjeldene.

«[S]kred» må i lys av ordlyden kombinert med førearbeida og nemndspraksisen forståast som *naturlege*, faste massar som *plutselig* sklir, rullar eller fell mot lågare punkt i terrenget,¹¹ medan «storm» etter førearbeida og praksis er vind som er sterkare enn 20,8 m/s.¹² Når storm

⁷ Sml. t.d. lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning § 2-1 («voldes») og lov 3. februar 1961 om ansvar for skade som motorvogner gjer § 1 («gjer»), der årsakskrava går fram av eitt vilkårsord.

⁸ Sjå Utredning ny naturskadelov (2008) s. 69–70 og Grete K. Hovelsrud, Helene Amundsen og Eirik J. Førland (red.), «Utviklingen av naturulykker som følge av klimaendringer : Utredning på oppdrag fra Statens Landbruksforvaltning», CICERO-rapport 2007:3, s. 51 og 67.

⁹ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

¹⁰ Sjå slik problemformulering t.d. i LG-2018-23731, der det vert spurt «om det fann stad ‘naturskade’ ved at skaden på moloen skuldast ‘stormflo’»; LF-2017-194586/LF-2017-194592, der spørsmålet er «om skadene direkte skyldes stormflo» og LG-2015-102574: «Det kan ikke ses å være holdepunkter for at værphenomener som ikke er ‘storm’ i lovens forstand, og som heller ikke er ‘stormflo’, samlet sett må anses å tilfredsstillende lovens krav, jf. sammenstillingen ‘eller lignende’ i naturskadeloven § 4 første ledd. Det fremgår av lovens forarbeider at det med formuleringen siktes til alternative naturulykker som for eksempel flodbølger eller meteornedslag.» I LE-2016-196236 er problemformuleringa og konklusjonen rett nok knytt til «naturulykke», men drøftinga er primært knytt til «flom».

¹¹ Sjå t.d. Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50 og NSK-2017-68037.

¹² Sjå t.d. Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50–51, LG-2015-102574, NSN-2009-3614, NSN-2009-4348, NSN-2010-1429 og Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173 jf. s. 163. Definisjonen vart ikkje vedteken, men det er ikkje haldepunkt for at det skuldast det materielle innhaldet.

pressar vatnet i til dømes sjøen eller fjorden inn mot land slik at vasstanden stig, får ein fenomenet stormflo. For at det skal vere «stormflo» i naturskadeerstatningslova si tyding, må vasstanden ifølgje retts- og nemndspraksis kome opp på eit nivå som gjennomsnittleg berre vert nådd kvart femte år.¹³ Naturulukka «flom» er meir komplisert. Det kan ifølgje førearbeida vere «flom» både med og utan tilknytning til vassdrag.¹⁴ I nemndspraksisen har dette vorte nærare utpensla. Mellom 2009 og 2017 har nemnda gjennomgåande lagt til grunn at «flom» i vassdrag er «en situasjon der ekstraordinær nedbør/sterk snøsmelting fører til unormalt høy vannstand med skadevoldende oversvømmelse», og at det også kan vere «flom» når «ekstraordinær, naturlig avrenning danner villbekker i skrånede terreng», gjeve at det vert «ekstraordinær» skade.¹⁵ Omfanget og utstrekninga av vedtaka der nemnda har lagt dette til grunn, kvalifiserer til forvaltningspraksis.¹⁶ Dei to siste naturulukketypene i opprekninga, jordskjelv og vulkanutbrot, er lite praktiske skadeårsaker i Fastlands-Noreg og vert difor ikkje problematisert nærare her.

Grensene for verkeområdet kjem fram ved at fleire objektgrupper og skadetypar er unnatekne frå dekningsområdet. Det viktigaste unntaket er at naturskadeerstatningslova ikkje gjev rett til erstatning for skade på objekt som kunne vore forsikra mot naturskade gjennom ei «alminnelig forsikringsordning», jf. § 2 andre ledd. Den praktisk viktigaste alminnelege forsikringsordninga mot naturskadar er naturskadedekninga som etter naturskadeforsikringslova er obligatorisk knytt til brannforsikringa.¹⁷ Bilforsikringar har også naturskadedekning.¹⁸ Bygningar og bilar vert difor ikkje verna gjennom naturskadeerstatningsordninga. I tillegg er skade på avling på rot, stormskade på skog og skade innanfor petroleumsverksemd særskilt unnateke frå dekningsområdet til

¹³ Sjø t.d. LF-2017-194586/LF-2017-194592, LG-2015-102574 og LG-2018-23731.

¹⁴ Sjø Ot.prp. nr. 36 (1960–1961) s. 13 – men merk at «flom» krev tilknytning til vassdrag om ein er innanfor regulerte område med utbygd kloaknett, jf. same stad.

¹⁵ Sjø til dømes NSN-2009-522, NSN-2009-524, NSN-2009-3926, NSN-2015-22253, NSN-2015-26521 og NSN-2015-50439.

¹⁶ Eit kompliserande poeng er at det dei siste åra også har vorte introdusert somme avvikande definisjonar i nemndspraksisen, primært i form av at nye moment som til dømes at vatnet må ha høg fart og grave, har vorte tekne inn i definisjonen, sjå t.d. NSK-2017-28156, NSK-2017-38899, NSK-2017-39714, NSK-2017-40452, NSK-2017-62739, NSK-2017-62279 og NSK-2018-17007 for éin variant og NSK-2017-29225, NSK-2017-48616, NSK-2017-61098, NSK-2017-68037, NSK-2018-25811, NSK-2018-39209 og NSK-2018-62943 for ein annan variant. Endringa er påfallande, særleg når avviket frå den tidlegare brukte definisjonen ikkje vert kommentert. Bruken av dei nyare «definisjonane» synest ikkje tilstrekkeleg utstrekt og langvarig til at ein kan snakke om endra forvaltningspraksis.

¹⁷ Jf. lov 16. juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring (naturskadeforsikringslova) § 1.

¹⁸ Jf. Utredning ny naturskadelov (2008) s. 96.

naturskadeerstatningslova, jf. § 2 tredje til femte ledd.¹⁹ Typiske objekttypar som derimot fell innanfor verkeområdet til naturskadeerstatningsordninga er private vegar, bruer, kaier, moloar, anlegg for idrett, industri og turisme, skog og jordbruksareal.²⁰

1.3 Særtrekk ved rettskjeldebiletet

Det er trong for å kommentere nokre særtrekk ved naturskadeerstatningsordninga og rettskjeldebiletet før analysen av årsakskravet byrjar. For det første veg lovteksten – som på andre lovregulerte område – tungt, og det trengs klare haldepunkt for å fråvike ordlyden. Dette utgangspunktet vert forsterka av at naturskadeerstatningsordninga er ei friviljug oppretta støtteordning der staten tek økonomisk ansvar for skadar han i utgangspunktet ikkje har tilknytning til. Lovgjevaren har gjeve erstatningsansvaret ei viss rekkjevidde gjennom lovvilkår, og då er det lite lojalt å leggje vilkåra på strekk. Staten har dessutan behov for å føresjå og ha oversyn over venta utgifter, for slik lettare å kunne budsjettere og prioritere mellom dei mange utgiftspostane. Også dette taler for å ta ordlyden på ordet. Resultatet er at det skal særleg mykje til for å tolke vilkåra på ein måte som utvidar retten til naturskadeerstatning.²¹

Utover lovteksten og visse avklaringar i førearbeida er det ikkje særleg mykje tungtvegande rettskjeldemateriale kring årsakskravet i naturskadeerstatningslova. Vilåret har ikkje vorte sett på spissen for Høgsterett, og det er lite lagmannsrettspraksis. Derimot er det ein omfattande forvaltningspraksis i form av vedtak frå Klagenemnda for naturskadesaker og den tidlegare Ankenemnda for Statens naturskadefond. Nemnda fekk nytt namn og noko endra kompetanse då naturskadeerstatningslova kom i kraft.²² Desse endringane har ikkje praktisk betydning for spørsmåla i artikkelen. Eg bruker difor samlenemningane «nemnda» og «nemndspraksis».

Nemnda handsamar klager over vedtak i naturskadeerstatningssaker og er ein obligatorisk instans før partane eventuelt tek saka til tingretten og resten av domstolssystemet.²³ Om vedtaka gjev ein fast og langvarig praksis, kan dei gjevast noko rettskjeldevekt som

¹⁹ Det er særskilte forsikringar som gjev dekning for stormskade på skog, sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 57–58. Vidare er det ei eiga erstatningsordning for avlingsskadar, sjå forskrift 17. januar 2012 nr. 56 om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon.

²⁰ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 30.

²¹ Liknande synsmåtar er også trekte fram som argument mot utvidande tolking innanfor trygderetten, sjå Asbjørn Kjønstad, *Innføring i trygderett*, 5. utg. ved Imran Haider, Oslo 2018, s. 46 og 58; Gudrun Holgersen og Nils Nygaard, *Trygderettslige emner*, Bergen 1998, s. 16–18.

²² Sjø Prop. 80 L (2013–2014) s. 55–56.

²³ Sjø naturskadeerstatningslova §§ 20 og 22. Nemnda kan også treffe vedtak i naturskadeforsikringssaker, sjå naturskadeforsikringslova § 2.

forvaltningspraksis.²⁴ Vekta kviler på ei nærare vurdering av karakteren av praksisen. Her er nemndas art og rolle, sakshandsaminga og karakteren av rettsspørsmålet relevante moment.²⁵ Det problematiske ved om forvaltninga sjølv får fastsetje gjeldande rett gjennom praksisen sin, gjev grunn til varsam vektlegging.²⁶ For spørsmålet om «langvarig» praksis er det ei særskilt utfordring at det berre er nemndsvedtak i naturskadesaker frå 2009 og framover som er publiserte på Lovdata. Vedtaka er dessutan ganske kortfatta grunngjevne. Dette set grenser for kor tungtvegande nemndspraksisen kan verte, og for kor mykje rettleiing vedtaka kan gje utover enkeltsakene.

Naturulukkevilkåret og årsakskravet «direkte skyldes» har identisk formulerte parallellar i naturskadeforsikringslova § 1. Naturskadeforsikringsordninga vart oppretta ved å flytte somme skadetypar frå den statlege naturskadeerstatningsordninga og over til brannskadeforsikringsselskapa sitt ansvarsområde.²⁷ Både den identiske formuleringa og bakgrunnen for føresegna i naturskadeforsikringslova tilseier at vilkåra må tolkast likt i dei to lovene. Det einaste unntaket som kjem fram av rettskjeldene, er at opprekninga av naturulukketypar er uttømande i naturskadeforsikringslova på grunn av forsikringstekniske omsyn.²⁸ Utover dette kan det vere relevant å trekkje vekslar på kjelder knytte til naturskadeforsikringslova under analysen av vilkåra i naturskadeerstatningslova. Sidan rettskjeldematerialet er endå tynnare, og til dels uklart, knytt til vilkåra i naturskadeforsikringslova, vil det nok likevel vere den andre vegen at tolkingsbidraget vert størst.

2 Vilkåret «skyldes»: naturulukka må ha verka inn

Før det er relevant å vurdere om skaden «direkte» skuldast naturulukka, må ein konstatere at skaden i det heile «skyldes» ei naturulukke. Ordlyden tilseier at skaden må vere ein verknad eller eit resultat av naturulukka. Det vil skaden vere om han skjer fordi naturulukka skjedde, og naturulukka altså var ein naudsynt føresetnad for at skaden skulle skje.²⁹ Skaden vil òg

²⁴ Jf. t.d. Jan Fridthjof Bernt, «Rettskildebruk for forskeren – en sammenligning med domstolenes og forvaltningens rettskildebruk», *Tidsskrift for Rettsvitenskap* 1989, s. 265–294 (s. 272) og Nils Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utg., Bergen 2004, s. 214–216.

²⁵ Jf. Bernt (1989), s. 274.

²⁶ Sjø Bernt (1989), s. 273 med tilvisingar til Magnus Aarbakke, «Forvaltningens praksis og uttalelser som rettskilder for domstolene», *Skatterett* 1985, s. 165–166. Sjø også Nygaard (2004), s. 214.

²⁷ Sjø om utarbeidinga av forsikringsordninga mellom anna i Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 16–17.

Naturskadeforsikringa vart først lovregulert i lov 6. juni 1930 nr. 20 om forsikringsavtaler § 81 a, og seinare i naturskadeforsikringslova.

²⁸ Sjø Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 33.

²⁹ Sml. vilkårlæra frå Rt. 1992 s. 64 (p-pilledom II) på s. 69.

vere eit resultat av naturulukka i tilfelle der andre årsaksfaktorar uansett ville ha medført at skaden skjedde, men det var naturulukka som materialiserte seg i skade (først). Eit illustrerande døme er at eit skred går gjennom ein granskog og fellar ned produktiv skog. Like etterpå flerrar eit lyn over himmelen, og om ikkje trea allereie var felte av skredet, ville lynet ha slege ned i og skada eitt av dei. Skredet er dimed ikkje ein naudsynt føresetnad for at akkurat dette treet skulle verte skadd. Det er likevel ikkje til å kome vekk frå at det var den skadegjerande krafta i skredet, og ikkje lynet, som materialiserte seg i skaden også kva gjeld dette treet. Skaden på treet «skyldes» difor skredet.³⁰

3 Skaden må «direkte» skuldast naturulukka

3.1 Innleiing

Dei vanskelegaste årsaksspørsmåla er knytte til den normative avgrensinga som følgjer av vilkåret «direkte» – med andre ord kva som skal til for å rekne årsakssambandet mellom naturulukka og ein skade som rettsleg relevant. Rettskjeldene gjev primært bidrag til kva årsakskravet inneber overfor suksessive årsaksrekkjer, altså tilfelle der naturulukka utløyser ein annan årsaksfaktor og det er den årsaksfaktoren som er i kontakt med objektet som vert skadd.³¹ For slike årsakskonstellasjonar er samordning av kjeldebidraga den primære oppgåva i artikkelen. Det er derimot færre rettskjeldebidrag og meir uklart kva årsakskravet inneber overfor samstundes samverkande årsaksfaktorar, altså der parallelle hendingsgangar møtest og den eine årsaksfaktoren vert forsterka av den andre eller dei saman utløyser det neste årsaksleddet eller skaden.³² Her er det difor trong for nærare analysar av kva årsakskravet inneber. Ut frå det samla rettskjeldebiletet er det naturleg først å fokusere på å pensle ut innhaldet i årsakskravet relatert til tilfelle med suksessivt verkande årsaksfaktorar (punkt 3.2) og deretter undersøke årsakskravet knytt til samstundes samvirke mellom naturulukka og ein annan årsaksfaktor (punkt 3.3).

³⁰ Sjø Nils Nygaard, *Skade og ansvar*, 6. utg., Bergen 2007, s. 330, der det går fram at skaden må vere ein realisering av risikoen i årsaksfaktoren ein held ansvarleg. Sjø også Magne Strandberg, «Effektivitet og kausalitet», *Retfærd* 2015, s. 79–101 (s. 100), om at ein etterfølgjande hypotetisk årsaksfaktor ikkje kan forklare at skaden skjer allereie før den hypotetiske årsaksfaktoren kunne ha verka. Det synest ikkje å vere haldepunkt i rettskjeldene knytt til naturskadeerstatningslova for at statens ansvar skal avgrensast i slike tilfelle. Tvert om vil målet om å hjelpe skadelidne etter naturulukker til å halde fram med verksemda si best verte oppfylt om ein følgjer den forståinga som er utleia av ordlyden.

³¹ Forklaringa av suksessive årsaksrekkjer er inspirert av Sjur Brækhus og Alex. Rein, *Håndbok i kaskoforsikring : På grunnlag av Norsk Sjøforsikringsplan av 1964*, Oslo 1993, s. 254–255.

³² Også forklaringa av samstundes samverkande årsaksfaktorar er inspirert av Brækhus og Rein (1993), s. 254–255.

I desse drøftingane er det verdt å ha med seg at det normative kravet til årsakssambandet overordna sett representerer ei avgrensing av kor fjerne skadar lovgjevaren har pålagt staten å dekkje. Avgrensinga er mellom anna grunngeve med trongen for å unngå for omfattande erstatningsansvar for staten.³³ I punkt 1.1 vart det trekt fram at naturskadeerstatningsordninga skal gje den skadelidne vern mot følgjer av uvanlege hendingar som han verken kan ventast å sikre seg mot eller kan få kompensasjon for i form av forsikringsutbetalingar. Kor sterkt den normative avgrensinga råkar den skadelidne, må dimed dels vurderast ut frå i kva grad han kan føresjå og sikre seg mot dei følgjene som står i faktisk, men ikkje rettsleg relevant, årsakssamband med naturulukker, og i kva grad han kan få kompensasjon for slike følgjer frå anna hald.

3.2 Suksessive årsaksfaktorar

3.2.1 Naturulukka må vere den siste årsaksfaktoren før skaden

Utgangspunktet for tolkinga er vilkåret om at skaden «direkte» skuldast naturulukka. Etter vanleg språkbruk kan ein forstå dette vilkåret på to måtar. Den første moglege forståinga av ordlyden «direkte» er at skaden må ha skjedd utan mellomledd mellom naturulukka og skaden.³⁴ Ein suksessiv årsaksfaktor som naturulukka utløyser, og som så gjer skade, kan sjåast som eit mellomledd mellom naturulukka og skaden. Naturulukka må dimed vere den sist verkande årsaksfaktoren før skaden for at skaden skal skje utan mellomledd. Det vil vere tilfellet om vindtrykket frå stormen sjølv bender eit skilt. Om vinden derimot har teke tak i t.d. ei finerplate, fått denne til å flyge og skiltet vert bendt når finerplata støyter inn i skiltet, må finerplata reknast som eit mellomledd mellom stormen og skaden, slik at skaden ikkje «direkte» skuldast stormen.

Den andre moglege forståinga av ordlyden er at det må gå ei strak linje frå naturulukka og fram til skaden. I tilfelle der naturulukka har vore den einaste aktive årsaksfaktoren, og det

³³ Sjø Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 43 og Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25.

³⁴ Sjø liknande om tilsvarende formuleringar i andre samband Knut S. Selmer, *Forsikringsrett*, 2. utg. Oslo 1982, s. 293–294 som utpenslar eit spesifikt forsikringsvilkår om «direkte årsak» som eit krav om «fysisk nærhet» mellom det farlege objektet og den skadelidde, sml. også s. 305 om at skade må oppstå «gjennom direkte påvirkning på forsikringsgjenstanden av den forsikrede fare»; N. H. Bache, *Brandforsikringsretten I. del*, København 1905, s. 71–72 om at det umiddelbare årsakssambandet mellom årsaksfaktoren og skaden ikkje kan vere brote; Bjarte Askeland, *Tapsfordeling og regress ved erstatningsoppgjør*, Bergen 2006, s. 225 som omtaler årsaksfaktorar som ikkje har ledd mellom seg og skaden som utløysande årsaksfaktor og direkte årsak; og Marcus Radetzki, *Orsak och skada : Om tolkning av ansvarsbärande orsaksvillkor i avtal om egendomsförsäkring*, Stockholm 1998, s. 90 som held fram at den språklege tolkinga av krav om «direkt kausalitet» er at skadar som er «omedelbar följd», det vil seie «en följd som uppkommit utan förmedling av några mellankommande händelser», er dekte.

dimed ikkje er andre årsaksfaktorar som har tilført årsaksenergi, kan ein seie at hendingsgangen går i ei slik strak linje.³⁵ Etter denne forståinga vil årsakskravet vere oppfylt i begge tilfella ovanfor, sidan finerplata må reknast som eit passivt objekt som både vert sett i rørsle og «styrt» av stormen fram til skiltet.

Førearbeida gjev avklaring. Der er det lagt til grunn at årsakskravet ikkje er oppfylt om skaden er ei følgje av ei årsaksrekke naturulukka har sett i gang; skaden må skuldast «direkte påvirkning» frå naturulukka.³⁶ Dette kan nærare utdjupast med andre førearbeidsutsegner om at skaden «må være voldt umiddelbart ved naturulykke»,³⁷ og at også «nære avledede skader» er for indirekte til å innfri årsakskravet.³⁸ Førearbeidsutsegnene støttar altså opp om den første ordlydstolkinga

Holmboe-utvalet brukte rett nok eit døme med ei lengre årsaksrekke for å illustrere noko som *ikkje* oppfyller årsakskravet. Dømet var «skade på varer som må lagres ute fordi lagerhuset er ødelagt av ras».³⁹ Eit døme der årsakskravet akkurat ikkje er oppfylt, ville vore mest informativt og dimed naturleg at utvalet ville trekt fram. I lys av dette kan dømet gje grunn til ein viss tvil om i kva grad utvalet meinte å gje eit så strengt årsakskrav som utsegna «voldt umiddelbart ved naturulykke» vart teke til inntekt for ovanfor. Ein slik eventuell tvil er i dag likevel berre av historisk interesse. Mellom anna peika departementet i 1993 på at årsakskravet hadde vorte praktisert strengare enn dømet kunne gje inntrykk av, og at denne praksisen skulle vidareførast. Departementet underbygde dette med at t.d. vasskade på bygg på grunn av regnvêr under storm ikkje vart rekna å «direkte» skuldast stormen «når stormen i seg selv ikke har gjort skade på bygningen».⁴⁰

Forståinga av dei generelle utsegnene frå førearbeida vert underbygd av døma førearbeida også trekk fram, og dei dominerande tendensane i praksisen. Statens landbruksforvaltning trekte fram ei rekke typetilfelle som ikkje var rekna for å innfri årsakskravet, fordi naturulukka hadde sett i gang ei årsaksrekke. Mellom anna vart det vist til at storm bles eit tre mot ei brygge slik at treet skadar brygga og at storm bles regn eller snø inn i bygningar gjennom tak eller veggar.⁴¹ Fellestrekket for typetilfella er at naturulukka har sett eit anna objekt eller naturelement i rørsle, at skaden skjer fordi objektet eller naturelementet er sett i rørsle, og at det ikkje er andre årsaksfaktorar enn naturulukka som kjem inn og aktivt bidreg til skaden. Dette underbyggjer dimed at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren før skaden. Det er ikkje høgsterettspraksis omkring årsakskravet «direkte skyldes», men nokre

³⁵ Inspirert av Sivilombodsmannens utsegner i SOMB-2003-96, på s. 305.

³⁶ Prop. 80 L (2013–2014) s. 37–38 og Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31 og 134.

³⁷ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

³⁸ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

³⁹ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

⁴⁰ Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25.

⁴¹ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31. Liknande vart tilfelle der storm medfører at ein båt skadar ei brygge, trekte fram av departementet i Prop. 80 L (2013–2014) s. 58, under merkelappen «nære, avledede skader» som fell utanfor ansvaret.

få lagmannsrettsdommar, tingrettsdommar og mykje nemndspraksis. Lagmannsrettsdommane og storparten av tingrettsdommane og nemndspraksisen underbyggjer den forståinga av årsakskravet som er utleia av førearbeida.⁴² Somme tingrettsdommar og nemndsvedtak indikerer derimot eit mindre strengt normativt krav til årsakssambandet.⁴³ Sidan dette gjeld få dommar og vedtak, og dei har låg vekt, er det ikkje tilstrekkeleg til å påverke det generelle tolkingsresultatet. Dei gjev derimot grunn til å undersøkje om det ut frå typetilfellespesifikke grunnar kan vere enkelte unntak frå kravet om at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren. Ut frå dette er det tenleg å undersøke praksisen sortert etter typetilfelle. Gjennomgangen vil både vise at tilnærminga til somme typetilfelle er avklara, og gje drøfting av om det er grunn til avvikande tilnærming i somme enkelttilfelle. Ut frå typetilfella vert drøftinga nedanfor sentrert til ytterkanten av årsakskravet og kva som akkurat *ikkje* vert rekna som rettsleg relevante årsakssamband. Ut frå dei retningslinjene som er utpensla så langt, er det rom for allereie her å konkludere med at om det ikkje er andre årsaksfaktorar involvert og naturulukka er den årsaksfaktoren som er i fysisk kontakt med objektet som vert skadd og materialiserer seg i skade på det, er årsakskravet oppfylt. Om vindtrykket i stormen aleine får toppen av ei gatelykt til å bende seg, vil skaden «direkte» skuldast stormen. Om flaum renn innover ein åker og vatnet vaskar ut matjord, vil skaden «direkte» skuldast flaumen». Og om eit skred raserer ein skogsveg, skuldast skaden skredmassene gjer på vegen, skredet «direkte».

3.2.2 Typetilfelle

3.2.2.1 Trevelt

Når vinden når storm styrke, byrjar tre å verte utsette for å velte. Trea kan i så fall lande på objekt som vert skadde i samanstøyten. Faktumet knytt til LF-2014-49738 er illustrerande i så måte: Storm hadde velta eit tre, og treet landa på eit gjerde som dimed vart skadd. Ut frå retningslinjene ovanfor kan vi seie at stormen var den direkte årsaka til at treet velta.⁴⁴ Spørsmålet i saka var derimot om skaden på gjerdet direkte skuldast stormen. Lagmannsretten konkluderte med at årsakskravet ikkje var oppfylt i relasjon til denne skaden, og viste til at «den ‘direkte’ årsaken til skaden er trefallet og ikke orkanen».⁴⁵ Det vart altså lagt avgjerande vekt på at treet var ein mellomkomande årsaksfaktor. Dette støttar opp om den tolkinga som

⁴² Sjå nedanfor under typetilfella for konkrete referansar.

⁴³ Sjå nedanfor under typetilfella for konkrete referansar.

⁴⁴ Merk at stormskade på skog likevel ikkje vert dekt av naturskadeerstatningsordninga, jf. naturskadeerstatningslova § 2 fjerde ledd.

⁴⁵ LF-2014-49738, under lagmannsrettens vurdering.

er presentert ovanfor i punkt 2.2.1. Tilsvarende tilnærming er lagt til grunn i ei rekkje nemndsavgjersler under naturskadeerstatningslova.⁴⁶ Tilnærminga til typetilfellet synest dimed avklara.

Nemnda har lagt til grunn tilsvarende forståing av årsakskravet under naturskadeforsikringslova.⁴⁷ I juridisk teori er det derimot lagt til grunn at slike skadar kan dekkjast etter naturskadeforsikringslova.⁴⁸ Synsmåten er ikkje grunngeven, noko som burde vore gjort i lys av både brotet med dei generelle førearbeidsutsegnene om forståinga av årsakskravet og den meir typetilfellespesifikke praksisen. Fråværet av grunngeving og anna underbygging gjer at dei avvikande synsmåtane ikkje kan få innverknad på analysen her.

3.2.2.2 Storm skaper bølger som gjer skade

Eit anna typetilfelle som går igjen i praksisen, er at storm har skapt bølger som så har gjort skade på moloar, kaier eller andre innretningar i vasskanten. Krafta i bølgeslaga kan gjere skade, eller bølgjene kan vaske ut fundament slik at til dømes bryggjer rasar ut. Om stormen i tillegg til å skape bølger har pressa vatnet såpass mykje innover mot land at middelvasstanden er høgare enn kva han er berre kvart femte år, er kriteria for naturulukka «stormflo» også oppfylte.⁴⁹ Bølgjene vil i så fall reknast som del av naturulukka «stormflo», og skade bølgjene gjer, vil «direkte skyldes» naturulukka stormflo.⁵⁰

Om vasstanden derimot er lågare enn femårsintervallet, er det stormen som står som den relevante naturulukka. Spørsmålet er dimed om skaden «direkte» skuldast stormen, sjølv om det er bølgjene som står som den siste årsaksfaktoren. Tolkinga ovanfor i punkt 2.2.1 tilseier då at årsakskravet ikkje er oppfylt her. Dette typetilfellet er dessutan eksplisitt trekt fram i

⁴⁶ Sjø t.d. NSN-2012-1577 (lysløypeanlegg), NSN-2012-6953 (gjerder), NSN-2012-13416 (gjerder, grind og rekkverk), NSN-2012-16237 (gjerde), NSN-2013-23415 (gjerde), NSN-2013-31449 (gjerder), NSN-2013-33263 (gjerder), NSN-2014-8538 (tretrapp, vart vippt opp av røtene då treet fall), NSN-2014-52465 (gjerde).

Parentesane viser kva objekt som var gjort skade på. Sjø også SOMB-2003-93 der Sivilombodsmannen stilte seg kritisk til den strenge praksisen av årsakskravet i samband med at nemnda hadde nekta erstatning for skade på utstyr i ein jordbæråker som var gjort av tre felt av storm. Etter utfyllande dokumentasjon av praksisen konkluderte Sivilombodsmannen med at ordlyden og førearbeida «neppe» gav så klare haldepunkt at denne forvaltningspraksisen var i strid med lovregelen, sjå brev frå Sivilombodsmannen til Ankenemnda for Statens Naturskadefond, 6.2.2006, sak 2004/2356.

⁴⁷ NSN-2013-31752 (forsikringssak, skade på telefonkabel og septiktank), NSN-2014-29324 (forsikringssak, skade på bygning) og NSN-2013-21684 (forsikringssak, skade på terrasse og flaggstang).

⁴⁸ Sjø Norsk Naturskade-pools skadehandbok, «Trær», <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skader-pa-bestemte-tingtemaer/trar/?date=01.01.2017> (sist vitja 14. oktober 2019), og Vidar Sinding, *Naturskade-forsikringsloven : (Lov av 16. juni 1989 nr. 70 om naturskade-forsikring) : Med endringer senest av 24. juni 1994*, Norsk Lovnøkkel, Oslo 1996, s. 13 (viser til at regelverket har vorte tolka slik at slike skader vert dekte).

⁴⁹ Sjø punkt 1.2.

⁵⁰ Jf. Innstilling om erstatning for og sikring mot naturskader (1959) s. 51, der utsegna «[s]tormflo oppstår når stormen presser sjøen inn over land, slik at bølgeslaget gjør skade eller det oppstår oversvømmelse» indikerer at bølgeslaget også skal reknast som del av stormfloa.

proposisjonen til naturskadeerstatningslova som eit som ikkje innfrir årsakskravet, grunngeve med at «stormen [er] naturulykken, men det er ikke selve stormen som forårsaker skaden».⁵¹ Praksisen underbyggjer også dette. I LG-2015-102574 uttalte retten at det var «bølgene som direkte skader objektet og ikke vinden», og at årsakskravet difor ikkje ville vere oppfylt i typetilfellet som var til vurdering. Sidan vinden ikkje var tilstrekkeleg sterk til å reknast som «storm» på skadetidspunktet, er utsegna eit obiter dictum, og bidraget har låg vekt. Andre dommar gjeld tilfelle der det har vore «storm» på skadetidspunktet, og same tilnærming synest å vere lagt til grunn også der.⁵² Det er også ein omfattande nemndspraksis i same retning, somme tider med den illustrerande grunngevinga at «[s]tormens innvirkning på skaden er [...] indirekte da stormen er årsaken til bølgene, og bølgene den direkte årsak til skaden».⁵³ Tilnærminga til dette typetilfellet synest dimed også sikker.

Nemndspraksisen knytt til naturskadeersikringslova er tilsvarende.⁵⁴ I naturskadehandboka er det derimot lagt til grunn at skadane bølger gjer under storm, kan kompenseras som stormskadar.⁵⁵ Denne synsmåten manglar støtte i andre rettskjelder og er heller ikkje grunngeven. Den får difor ikkje innverknad på analysen her.

3.2.2.3 Treffskadar under storm

Eit typetilfelle frå praksisen som minner om trevelt-tilfella, er treffskadane. NSN-2012-8972 er illustrerande. Faktumet bak saka var at storm hadde fått ei finerplate til å flyge, og denne finerplata hadde blese inn i ei gatelykt som difor knekte. Nemnda nekta erstatning etter å ha vist til at skaden ikkje var «direkte forårsaket» av storm, men av at «finerplaten blåste inn i gatelykten». Liknande grunngeving er brukt for å nekte erstatning i ei treffskadesak under naturskadeersikringslova.⁵⁶ Derimot går det fram av utgreiinga frå Statens landbrukskontor

⁵¹ Jf. Prop. 80 L (2013–2014) s. 37, under gjennomgangen av gjeldande rett. På side 38 kjem det fram at departementet ønska å vidareføre gjeldande rett, og utsegna må difor framleis vere uttrykk for kva årsakskravet inneber i typetilfellet.

⁵² Sjø Vesterålen tingretts dom 31. oktober 2014 (sak nr. 14-067778TVI-VTRA) og LG-2018-23731 (meir implisitt).

⁵³ Sjø t.d. NSN-2014-3593, NSN-2014-3981 og NSN-2014-6074. Standpunktet til årsakskravet i typetilfellet er likt, men grunngevinga noko annleis formulert i t.d. NSN-2009-21436, NSK-2016-46521 og NSK-2018-3196, utan at det synest å innebere at det er ei anna tilnærming som er lagt til grunn. Derimot tok nemnda klagen i ei slik sak til følgje med tilvising til at ho ikkje kunne sjå vekk frå at det var storm på skadetidspunktet i NSN-2009-3614 (skade på steinbrygge) og NSN-2009-4348 (skade på molo). Sidan det er uklart om nemnda legg til grunn at stormen verka som den siste årsaksfaktoren eller berre tilførte årsakskraft via bølgene, kan ikkje dette vedtaket få mykje vekt. Til dette kjem at to vedtak har svært låg vekt mot den omfattande praksisen som går i motsett retning.

⁵⁴ Sjø t.d. NSN-2016-24875, NSK-2018-53300 og NSK-2018-73242.

⁵⁵ Sjø Norsk Naturskadeepools skadehandbok, «Bølger/Bølgeslag», <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skader-pa-bestemte-tingtemaer/bolgeslag/> (sist vitja 14. oktober 2019).

⁵⁶ NSN-2009-5844 (forsikrings sak). Faktum var at yttertaket på ein bygning lausna og vart teke av stormen. Stormen synest å ha ført med seg takdelen og gjort slik at han først gjorde skade på ein eigedom og deretter på

at det har vorte gjeve erstatning for treffskadar på bygningar – rett nok utan nærare referansar.⁵⁷ Sidan det er snakk om skade på bygningar, kan det synest som det er praksis under naturskadeforsikringslova det vert vist til. At årsakskravet også har vorte rekna som oppfylt i naturskadeforsikringssaker om treffskadar, går fram av juridisk teori,⁵⁸ og Norsk Naturskadepool synest også å føresetje at årsakskravet er oppfylt i dette typetilfellet.⁵⁹

Ser ein tilbake til dei generelle utgangspunkta frå punkt 2.2.1, er eit viktig poeng at stormen ved å ta tak i finerplata (eller andre objekt) har sett i gang ei årsaksrekke og at finerplata er eit mellomkomande objekt mellom stormen og skaden på (til dømes) gatelykta. Retningslinjene som vart utleia frå ordlyden og førearbeida, tilseier dimed at treffskaden ikkje «direkte skyldes» stormen. Kjeldene som ligg bak denne lovforståinga, synest generelle, og det gjev i seg sjølv sterk motstand mot at det skal eksistere unnatak frå utgangspunktet. Det trengs dimed relativt sterke typetilfellespesifikke argument for å kunne konstatere at det gjeld eit mindre strengt normativt krav til årsakssambandet i treffskadesakene. Her er det særleg relevant å samanlikne dei sentrale kjenneteikna ved treffskadesakene med trevelt-tilfella, sidan trevelt-tilfella har ganske liknande faktum som treffskadetilfella, og dessutan – som vist ovanfor – har eit tyngre rettskjeldebilete knytt til seg.

Det trekket ved faktum i treffskadesakene som eventuelt kan grunnge eit avvik, er at stormen «leier» objektet fram til skadestaden og dimed har særleg stor innverknad på kvar skaden skjer. Treet fell derimot rett ned, som følgje av tyngdekrafta. Men liknande kan ein seie at det også er eigenskapar ved det flygande objektet, nemleg oppdrifta, som avgjer kor langt objektet flyg, og dimed kor langt – og kvar – stormen kan «leie» det. Når særtrekket dimed vel så mykje ligg i det mellomkomande objektet som i naturulukka, er grunnlaget for å opne for særvurdering svakt. Som støtteargument kan det også visast til at departementet har lagt til grunn at om «en storm fører til at en båt skader en brygge», skuldast ikkje skaden på brygga stormen «direkte».⁶⁰ Likehandsamingsomsyn tilseier at tilfella der objektet vert flytta av stormen i lufta og i vatnet, skal behandlast likt, og dømet tilseier dimed også at årsakskravet ikkje er oppfylt. Det avgjerande vert dimed at naturulukka også i treffskadesakene har sett i

eit hus. Det var skaden på huset nemnda vurderte. Nemnda konkluderer med at skaden har skjedd «ved at deler av naboens yttertak blåste av og traff skadelidtes bolig», og nekta difor erstatning. Sjå også NSN-2008-25288 (forsikring) der nemnda legg til grunn at hallen vart treft av ting frå den skadelidne sin eigedom. Sidan saka gjaldt avkorting, er det mogleg at spørsmålet om årsakssambandet låg utanfor det nemnda kunne ta stilling til.

⁵⁷ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31.

⁵⁸ Sinding (1996), s. 13.

⁵⁹ Sjå Norsk Naturskadepool skadehandbok, «Treffskader», <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skader-pa-bestemte-tingtemaer/treffskader/?date=01.01.2017> (sist vitja 14. oktober 2019).

⁶⁰ Sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

gang ei årsaksrekke og at det er ein mellomkomande årsaksfaktor som gjer skaden.

Treffskadane kan dimed ikkje seiast å «direkte skyldes» stormen.

3.2.2.4 Flaumvatnet tek med seg objekt som støytar inn i noko anna

Det er ikkje berre stormen som kan ta med seg objekt. Naturulukka «flom» inneber typisk sett uvanleg stor og sterk vassføring.⁶¹ Når vatnet dimed når opp til område som normalt ligg tørre, er det ikkje upraktisk at objekt vert dregne med av flaumvatnet. Dette kan til dømes vere rundballar, trestammar, isflak og mykje anna. Om objektet er av økonomisk verdi og vert øydelagt av vatnet aleine, synest det klart at skaden på objektet «direkte» skuldast flaumen. Årsaksvurderinga er meir interessant der objektet følgjer vatnet og støytar inn i og gjer skade på noko, til dømes ei bru. Om objektet sjølv vert skadd i samanstøyten, må ein truleg vurdere skaden som resultat av eit samvirke mellom flaumen og brua. Slike årsakskonstellasjonar vert drøfta nedanfor i punkt 2.3. Her i dette punktet er det i kva grad skaden på brua «direkte» skuldast flaumen, som skal undersøkast.

At det er isflak i vatnet, er ein særskilt praktisk situasjon under tidlege vårflaumar – ein kan tenkje seg at vatnet har lege dekt av is og at isen har vorte broten opp som følge av at vasstanden har stige. Førearbeida indikerer at tilfella der objektet som gjer skade, er eit isflak, må vurderast særskilt. I eit av førearbeida synest det å verte opna for at skade frå isgang under flaum kan kompensast som flaumskade.⁶² Også seinare førearbeid har omtale som indikerer eit samband mellom isgang og flaumskade, men det er uklart om det er sikta til tilfelle der isgang utløyser flaum og vatnet gjer skade, eller at skade gjort av isflaket skriv seg frå flaumen.⁶³ Førearbeida gjev dimed ikkje særleg klare bidrag. I nemndspraksisen har tilnærminga variert, men knapp skildring av faktumet gjer det noko uklart om det faktisk var «flom» og «isgang» i den enkelte saka.⁶⁴ Når det er snakk om få, uklare og moglegvis

⁶¹ Sjø punkt 1.2.

⁶² NOU 1974: 9 s. 25.

⁶³ Sjø Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 25 og Utredning ny naturskadelov (2008) s. 163–164. Sjø også Prop. 80 L (2013–2014) s. 59, der det er uklart om det er meint tilfelle der vilkåret «flom» er oppfylt, eller ikkje.

⁶⁴ I NSN-2010-10287, NSN-2015-22253 og NSK-2016-68446 var faktumet at isflak i elvar med stor vassføring støytte inn i og gjorde skade på bruer. Nemnda nekta erstatning i alle sakene, med tilvising til at årsaka var isgang. I kva grad det var flaum i elvene, er uklart, men om nemnda generelt sett meinte at skade frå isflak under flaum direkte skuldast flaumen, ville det vere nærliggande å ta eksplisitt stilling til om det var flaum på skadetidspunktet. Når det ikkje var gjort, kan vedtaka sjåast som å gje ein viss motstand mot at skade frå isflak under flaum «direkte skyldes» flaumen. Derimot vart erstatning innvilga i NSN-2013-599, NSN-2013-600 og NSN-2013-603, der faktum ser ut til å vere at vatnet dytta isflak innover land, og at røtter, stein og grus vart liggande att. Det er vanskeleg å sjå grunngevinga for dette resultatet. Sidan det også er nemnt at flaumvatnet vaska vekk delar av jordsmonnet, er det mogleg at det var vatnet i staden for isen som eigentleg må reknast som den siste årsaksfaktoren. Kva nemnda legg til grunn her, er uklart. Nemnda konkluderer berre med at skaden «direkte skyldes en erstatningsbetingende naturulykke». Som følge av ukklarleiken gjev ikkje vedtaka noka sterk

inkonsekvente vedtak, er det ikkje rom for å leggje vekt på dei. Kjeldegrunnlaget for typetilfellet er dimed svakt. Indikasjonane om at slike skadar skal kunne erstattast som flaumskadar, er dessutan påfallande. For det første er «isgang» særregulert i tredje ledd, noko som tilseier at skadetilfellet skal vurderast etter tredje ledd i staden for etter første ledd. For det andre tilseier særreguleringa at «isgang» er ein annan årsaksfaktor enn «flom». Hendingsgangen må dimed skisserast som at naturulukka «flom» har sett årsaksfaktoren «isgang», eventuelt «isflak», i rørsle. I lys av den generelle forståinga av årsakskravet skulle årsakskravet då ikkje vere innfridd, om det først var slik at tilfellet skulle vurderast etter § 4 første ledd. Rett nok kan det kanskje vere særleg utfordrande å verne seg mot skadar frå isgang når det samstundes er flaum, men det er eit poeng som kan trekkjast inn i den vurderinga ein uansett skal gjere etter tredje ledd, av om «særlige forhold» tilseier at den skadelidne skal ha naturskadeerstatning. Det er etter mitt syn dimed ikkje grunn til å sjå nærare på om det er rom for å tolke årsakskravet i første ledd mindre strengt i tilfelle der isgang under flaum har gjort skade.

Der objektet i flaumen er noko anna enn eit isflak, til dømes ein rundballe, er det inga slik særregulering i lova som det er for isgang. Desse tilfella må ein difor vurdere etter første ledd. Overordna sett har flaumen ved å ta med seg rundballen sett i gang ei hendingsrekke, og sidan det er rundballen som t.d. støyttar inn i ei bru og materialiserer seg i ein skade, er rundballen ein mellomkomande årsaksfaktor mellom flaumen og skaden på brua.⁶⁵ Den generelle utlegginga av årsakskravet ovanfor tilseier då at skaden ikkje «direkte» skuldast flaumen. Like fullt er det rettskjeldebidrag som går i motsett retning, og dimed grunn til ein nærare analyse.

Det første bidraget er at tilfelle der tre eller andre objekt vert rivne med av flaum og så gjer skade, vart kalla «gråsonesaker» i utgreiinga frå Statens landbruksforvaltning.⁶⁶ Ordet «gråsonesaker» indikerer at utgreiaren ikkje rekna det som sikkert at årsakskravet var oppfylt i typetilfellet, men i fråvær av grunngeving veg ikkje bidraget særleg mykje.

støtte for at det eksisterer ein særregel som gjer at skade frå isflak flaumen har sett i drift, «direkte skyldes» flaum.

⁶⁵ For småting i vatnet, som til dømes kvist og kvas, kan det kanskje vere relevant å vurdere om objekta er del av naturulukka «flom». Grunnen er at det både er svært vanleg og uunngåeleg at slike objekt ligg i vatnet. Sidan skadepotensialet er lite, sett vekk frå tilfelle med oppdemming, går eg ikkje nærare inn på spørsmålet her. Det er tilstrekkeleg å peike på at større objekt, som rundballar, trestammar og liknande, vanskeleg kan sjåast som ein del av naturulukka «flom».

⁶⁶ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31.

Det andre bidraget er eit overskjønn i ei sak om skade på ei hengebru.⁶⁷ Ifølgje den skadelidne var det ein rundballe som kom med ei flaumstor elv, og ikkje flaumen i seg sjølv, som gjorde skade på brua.⁶⁸ Det interessante er at Statens naturskadefond, som var part i saka, var samd med den private parten om at årsakskravet var oppfylt.⁶⁹ Denne semja, og at saka uansett gjaldt verdsetjing, gjorde at retten ikkje tok stilling til årsakskravet. Bidraget er dimed avgrensa til eit hint om forvaltningsorganets lovforståing. Sidan det ikkje kan sjåast vekk frå at Statens naturskadefond hadde særskilte grunnar til ikkje å problematisere årsakskravet i denne saka, er også dette bidraget svakt.

Sidan begge desse bidraga veg lite, vert det igjen naudsynt med støtte i typetilfellerrelevante omsyn om det skal vere grunnlag for å kome til at det gjeld ein særregel. Eit trekk ved typetilfellet som eventuelt kan tale for å rekne årsakssambandet som særleg nært samanlikna med andre typetilfellet med eitt mellomkomande årsaksledd, er at rørslene i flaumvatnet er avgjerande for å leie objektet fram til den aktuelle skadestaden. Dette vart også trekt fram under treffskadesakene, men ikkje funne tilstrekkeleg der. Dimed synest det ikkje å vere tilstrekkeleg her heller. Dømet frå førearbeida som vart trekt fram ovanfor om treffskadetilfellet, om stormen som støyte ein båt inn i bryggja⁷⁰, har også ein viss relevans her. Forskjellen no er at naturulukka er ei anna, men det er også her slik at ei naturulukke set eit objekt i vatnet i rørsle slik at objektet støyter inn i og gjer skade på noko. Sjølv om naturulukka er ei anna, synest typetilfella å ha så mykje til felles at det taler for at årsakskravet heller ikkje er oppfylt der flaum set eit objekt i rørsle slik at objektet gjer skade på noko anna.

Samstundes synest det for dette typetilfellet også særleg relevant å trekkje inn spørsmålet om i kva grad den skadelidne har høve til å verne seg mot denne typen skade, eventuelt om han kan få kompensasjon frå andre. Sidan elvar passerer mange eigedommar, kan det tenkjast at det skadegjerande objektet kjem frå ein annan sin eigedom. Viss grunneigaren til dømes har plassert rundballen for nærme elvekanten eller late nedkappa trestammar ligge att på elvekanten, kan det synest som han aktlaust har gjort noko som er til urimeleg eller uturvande skade eller ulempe for andre. Om rundballen eller trestammene vert tekne av elva og gjer

⁶⁷ Sogn og Fjordane tingretts overskjønn 27. desember 2017 (sak nr. 16-181262SKJ-SOFT).

⁶⁸ Sogn og Fjordane tingretts overskjønn 27. desember 2017 (sak nr. 16-181262SKJ-SOFT), under «sakens bakgrunn».

⁶⁹ Sogn og Fjordane tingretts overskjønn 27. desember 2017 (sak nr. 16-181262SKJ-SOFT), under «Statens naturskadefonds hovedanførsler».

⁷⁰ Jf. Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

skade på ei bru, kan det dimed synest aktuelt for den skadelidne å krevje erstatning etter lov 16. juni 1961 nr. 15 om rettshøve mellom grannar (grannelova) § 9 jf. § 2. Om det kan føre fram, har ikkje den skadelidne så stort behov for vern gjennom naturskadeerstatningsordninga.

Problemet er at det er godt tenkjeleg at slike skadetilfelle skjer utan at nokon kan klandrast. Elvar går gjennom utmark, og det kan vere skog langs heile elva. Det synest for strengt å krevje at grunneigaren ser til at det aldri ligg nedfallstre på elvekanten, og det er dessutan fullt mogleg at flaumvatnet sjølv grev rundt røtene til treet slik at det først fell under flaumen. Rundballane kan ein tenkje seg at i utgangspunktet er lagra i trygg avstand frå elva, men at elva plutseleg og raskt fløymer langt meir over enn ein kunne vente på førehand. Om det av desse grunnane – eller andre – ikkje er nokon å klandre, vil det vere vanskelegare for den skadelidne å krevje erstatning frå grunneigaren.⁷¹ Utover å sikre at bruer og andre potensielt skadeutsette objekt er solide, synest det dessutan å vere lite han kan gjere sjølv for å verne seg mot skaden.

Den skadelidne synest etter dette i mange tilfelle å kunne ha stort behov for vern gjennom naturskadeerstatningsordninga også for dette typetilfellet. Til dette kjem at det er venta større regnflaumar i framtida som følgje av klimaendringane,⁷² slik at behovet for vern kan tenkjast å stige framover. Desse poenga kunne tale for å tolke årsakskravet vidare, slik at skaden frå objekt flaumen har teke med seg, også «direkte skyldes» flaumen. Problemet er at det vil bryte klart med føresetnadane i førearbeida. Det kan dessutan hende at ei slik tilnærming gjer at ein må opne for unntak frå den strenge tolkinga av årsakskravet også for andre typetilfelle. Konsekvensen av å opne for ei vidare tolking av årsakskravet kan dimed verte stor. Omsyna som vart trekte fram i punkt 1.3 som grunnar til ikkje å tolke lova utvidande, gjev dimed sterk motstand mot ei slik tilnærming. Den nye unntaksregelen i § 4 andre ledd, som i «særlige tilfeller» opnar for erstatning for «nærliggende følge» av naturulukker, må også leggjast vekt på. Denne unntaksregelen skal nemleg sikre den skadelidne i tilfella der vilkåret «direkte skyldes» gjev svært urimelege resultat.⁷³ Det reduserer behovet for å strekkje på årsakskravet i første ledd. Eksistensen av denne unntaksregelen gjev dimed i seg sjølv styrka motstand mot

⁷¹ Eg tek ikkje sikte på nokon full gjennomgang av moglege erstatningsheimlar her. Eg utelukkar difor ikkje at den skadelidne kan finne grunnlag for å søkje andre enn naturskadeerstatningsordninga om erstatning.

⁷² Utredning ny naturskadelov (2008) s. 70 og Borgar Aamaas, Asbjørn H. Aaheim, Kristina Alnes, Bob van Oort, Halvor Dannevig og Torunn Hønsi: «Oppdatering av kunnskap om konsekvenser av klimaendringer i Norge», CICERO-rapport 2018:14 s. 24.

⁷³ Sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 38.

å tolke vilkåret «direkte skyldes» utvidande. Det må dimed konstaterast at dei typetilfellespesifikke argumenta ikkje gjev grunnlag for å konstatere at skade frå objekt som er tekne i flaum, «direkte» skuldast flaumen.

3.2.3 Oppsummering om suksessive årsaksrekkjer

På bakgrunn av analysane ovanfor er det nærliggjande å leggje til grunn at kravet om at det ikkje kjem årsaksfaktorar mellom naturulukka og skaden – at naturulukka er den sist verkande årsaksfaktoren før skaden – er eit absolutt krav.

I tillegg til dei ikkje grunngeve avvika frå årsakskravet i naturskadeforsikringslova som eg har trekt fram undervegs, gjev naturskadeforsikringshandboka også eit grunngeve avvik frå utgangspunktet. Dette avviket er knytt til vassinntrenging etter at storm har gjort skade på eit bygg. Om dette står det i handboka:

«Vanninntrengningen er egentlig en indirekte skade, men Skadeutvalget har likevel besluttet å dekke slike følgeskader som en del av naturskaden.»⁷⁴ Grunnlaget for dei avvikande tolkingane ligg altså ikkje i rettskjeldene, men i ei avgjersle frå Skadeutvalet. Det er ikkje utenkjeleg at tilsvarande forklaring ligg bak dei andre avvikande bidraga – men dette vert primært spekulasjonar. Avgjerslene utvidar tilsynelatande tilgangen til erstatning og er difor ikkje i strid med naturskadeforsikringslova. Derimot er det eit viktig poeng at slik meir omfattande dekning i så fall er eit tap som må berast av forsikringsselskapet sjølv, og ikkje kan avreknast i naturskadepoolen.⁷⁵

3.3 Samstundes samverkande årsaksfaktorar

3.3.1 To typar samstundes samvirke

No som tilnærminga til suksessivt verkande årsaksfaktorar er klarlagt, er det tid for å sjå nærare på samstundes samverkande årsaksfaktorar. Som nemnt inneber samstundes samvirke at to årsaksfaktorar har parallelle hendingsgangar som så møtest. Om vi legg til grunn at treet i trevelt-dømet ovanfor er for lite til å skade gjerdet aleine, men at kombinasjonen av lufttrykket frå stormen og tyngda frå treet gjer at gjerdet må gje tapt, har vi med slikt samvirke å gjere. Ein annan type samvirke er når årsaksfaktorane møtest før skadetidspunktet, og den eine tilfører årsaksenergi til den andre årsaksfaktoren, som også er den som seinare materialiserer seg i skade. Eit døme på dette kan vere der ei tett stikkrenne stengjer for vegen flaumvatnet skal ta, slik at vatnet vert leia over i staden for under ein grusveg.

⁷⁴ Norsk Naturskadepools skadehandbok, «Indirekte skade», <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skader-pa-bestemte-tingtemaer/indirekte-skade/?date=01.01.2017> (sist vitja 14. oktober 2019).

⁷⁵ Sjø Forskrift 21. desember 1979 nr. 3420 om instruks for Norsk Naturskadepool § 3 første ledd andre punktum, og Andreas Arntzen i samarbeid med Rune Njøs Jacobsen og Sven Iver Steen, *Forsikringsrett : Forsikringsvilkårenes ansvarsbestemmelser – villaeier- og hjemforsikring*, Oslo 1995, s. 379.

Døma viser at naturulukka ved slikt samvirke anten kan vere den einaste eller ein av fleire årsaksfaktorar som er i fysisk kontakt med skadeobjektet på skadetidspunktet. Kravet utleia ovanfor i punkt 2.2 kan dimed synest å vere innfridd. Dersom det er tilstrekkeleg for å innfri årsakskravet at naturulukka er ein av fleire samstundes sist verkande årsaksfaktorar, kan det tenkjast at naturskadeerstatningsordninga må bere ansvaret også i tilfelle der naturulukka har gjeve eit relativt lite årsaksbidrag samanlikna med den andre årsaksfaktoren. Det er vanskeleg å sjå kvifor eit slikt lite årsaksbidrag skal vere tilstrekkeleg, når det ikkje er tilstrekkeleg at naturulukka er den nest siste årsaksfaktoren og den einaste grunnen til at den siste årsaksfaktoren vert utløyst, slik døma ovanfor under suksessive årsaksrekkjer illustrerer. Det er særleg vanskeleg å sjå at eit lite bidrag frå naturulukka skal vere tilstrekkeleg i tilfelle der naturulukka samverkar med ein årsaksfaktor ho ikkje også har utløyst. At årsakskravet er meint å tolkast strengt,⁷⁶ og omsynet til likebehandling av dei skadelidne, tilseier at det må vere supplerande normative krav til årsakssambandet. Spørsmålet no er om det faktisk finst slike supplerande krav, og i så fall kva dei går ut på.

3.3.2 Naturulukka må vere hovudårsaka

Heilt overordna dreier spørsmålet seg altså om kva det har å seie at ein annan årsaksfaktor har samverka med naturulukka, og dimed kva krav som stillast for at årsakssambandet mellom naturulukka og skaden skal vere rettsleg relevant trass i at også andre årsaksfaktorar har bidrege til skaden. Dette spørsmålet har tre moglege løysingar: at samvirket stengjer for at naturulukka er rettsleg relevant årsak, at samvirket ikkje innverkar på den rettslege relevansen naturulukka har som årsak, eller at løysinga varierer etter kor stort årsaksbidrag kvar av årsaksfaktorane har gjeve.

Det er verken avklarande eller tunge rettskjeldebidrag om denne problemstillinga, og det er difor naturleg å ta utgangspunkt i underliggende omsyn, ikkje minst karakteren av naturskadeerstatningsordninga. Sidan staten *ex gratia* har teke på seg eit objektivt ansvar for naturskadane, synest det viktig å avgrense slik at det er utslag av naturulukkene, og ikkje av andre risikoar, staten må bere ansvaret for. Andre årsaksfaktorar må sjåast som den skadelidne sin risiko. Ved samvirke har både risiko staten svarer for, og risiko den skadelidne svarer for, bidrege til skaden. Dess større del av årsaksbidraga som kjem frå andre årsaksfaktorar enn naturulukka, dess sterkare vert inntrykket av at naturskadeerstatning vil vere ein tilfeldig fordel for den skadelidne. Naturskadepreget vil samstundes også verte svakare. Samla taler

⁷⁶ Sjå t.d. Prop. 80 L (2013–2014) s. 38.

dette for at det må vere minstekrav til kor stort bidrag naturulukka må gje for å reknast som rettsleg relevant årsak til skaden. At ansvaret vert fordelt ut frå kva årsaksfaktor som er den viktigaste, kan kanskje vere ei balansert tilnærming. Eit krav om at naturulukka til dømes må vere hovudårsaka til skaden, synest dessutan å kunne gjere omfanget av erstatningskrava meir føreseieleg for staten enn kva eit mindre strengt årsakskrav kan gjere.⁷⁷

Ei tilnærming der staten gjev full naturskadeerstatning så snart naturulukka står for ein viss stor del av årsaksbidraga, har eit visst preg av at staten vert ansvarleg for meir enn naturulukka sin del av årsaksbidraga. Prosentvis erstatningsansvar ut frå kor stort årsaksbidrag naturulukka har gjeve, kunne i større grad sikra at staten berre måtte dekkje for bidraga frå naturulukka. Ulempen med ei slik årsakslære er at det vil vere vanskeleg å rekne ut nøyaktig kor store bidrag kvar årsaksfaktor står for, og kan hende vert det også mykje skjønn bak resultatet.⁷⁸ Dette, kombinert med at ei slik fordeling ikkje har støtte i andre kjelder, gjer at tilnærminga likevel synest uaktuell.

Dessutan gjev fleire nemndsvedtak indikasjonar på at forvaltninga byggjer på ein føresetnad om at det gjeld ei hovudårsakslære under vilkåret «direkte skyldes». I tolv av dei publiserte naturskadeerstatningsvedtaka vert avslaget grunngeve med at ei årsak som ikkje er noka naturulukke, er «hovedårsaken» til skaden, eller at skaden «hovedsakelig» skuldast noko anna enn ei naturulukke.⁷⁹ Orda «hovedårsaken» og «hovedsakelig» indikerer at om ikkje-naturulukka er den viktigaste av dei samverkande årsaksfaktorane, innfrir ikkje naturulukka det normative kravet for å vere rettsleg relevant årsak. I kva grad spørsmålet om hovudårsak eller ikkje hovudårsak vert sett på spissen i det enkelte vedtaket, er noko uklart. Det kan til dømes sjå noko usikkert ut om det i det heile teke var ei naturulukke på skadetidspunktet i somme av sakene.⁸⁰ Også desse vedtaka må likevel kunne seiast å bidra som støtteargument,

⁷⁷ Momentet er framheva av Bjørn Engstrøm, «Kravet til årsakssammenheng – særlig om hovedårsakslæren», *Tidsskrift for erstatningsrett* 2007, s. 64–86 (s. 80), som delvis forklaring for at hovudårsakslæra gjeld som årsakskrav i forsikringsretten. Engstrøm grunngeve dette særleg med at forsikringssselskapa har behov for førevisse om framtidig ansvar for å kunne berekne riktig forsikringspremie og setje av nok reservar til dekning.

⁷⁸ Om dette omsynet i relasjon til forsikringsretten, sjå Theodor Grundt, *Lærebok i norsk forsikringsrett : Forelesninger over forsikringsrettens alminnelige del : I, 2. utg.*, Oslo 1950, s. 98.

⁷⁹ NSN-2009-8461, NSN-2011-11251, NSN-2013-1648, NSN-2013-19088, NSN-2013-23571, NSN-2014-61171, NSN-2015-1678, NSN-2015-57463, NSK-2016-25970-1, NSK-2016-25970-2, NSK-2017-20044-1 (seinare omgjort etter supplerande dokumentasjon av at det var ein flaumsituasjon, sjå NSK-2017-20044-2, men framleis av ein viss verdi kva gjeld forståinga av hovudårsakskravet) og NSK-2017-39714.

⁸⁰ Dette gjeld særleg NSN-2009-8461 (hovudårsaka var «ansamling av overflatevann», og dette indikerer at vatnet ikkje hadde samla seg til villbekkar, slik det må for å reknast som «flom» utan tilknytning til vassdrag), NSN-2011-11251 (det var «stor vannføring» i bekken, men ut frå faktumet som er attgjeve i vedtaket, er det uklart om vatnet gjekk utover breiddene før det kom fram til ei tett stikkrenne), NSN-2015-57463 (hovudårsaka var «overvann», og det indikerer at vatnet ikkje hadde samla seg til dei naudsynlege villbekkane som trengs for å ha «flom» utan tilknytning til vassdrag) og NSK-2017-39714 (det kjem fram av faktumet at det var «kraftig

sidan bruken av orda «hovedårsaken» eller «hovedsakelig» viser at nemnda rekna denne karakteristikken som rettsleg relevant under årsakskravet «direkte skyldes».⁸¹ Også under naturskadeforsikringslova er det vedtak der nemnda har brukt ord som «hovedårsak» og dimed gjeve indikasjon på at ei hovudårsakslære vert brukt.⁸² Dette er interessant sidan årsakskrava må presumerast å vere like under dei to lovene. Mellom desse vedtaka er det også døme på at naturulukka vert rekna som rettsleg relevant årsak med tilvising til at ho er hovudårsaka til skaden.⁸³

Sjølv om grunnlaget ikkje er veldig sterkt, synest det særleg ut frå dei underliggande omsyna, støtta opp av praksisen, å vere tilstrekkelege haldepunkt for at vilkåret «direkte skyldes» også gjev krav om at naturulukka må vere hovudårsaka til skaden for at årsakssambandet mellom naturulukka og skaden skal vere rettsleg relevant.

Kva som skal til for å rekne naturulukka som hovudårsak, går derimot ikkje klart fram av kjeldene. Ordet «hovudårsak» leier tanken til at årsaksfaktoren må ha kome med større årsaksbidrag enn dei andre årsaksfaktorane. Ei slik grensetrekking ved 50 %-merket samsvarer med det alminnelege innhaldet i hovudårsakskravet i forsikrings- og trygderetten.⁸⁴ Samstundes er det verdt å peike på at det finst døme på at ein årsaksfaktor først kan reknast som hovudårsak om han har gjeve eit langt større bidrag. I tvistar der spørsmålet var om sjø-

regnskyll» før skadetidspunktet, men der er ingen opplysningar om korleis vatnet «oppførte» seg etter å ha treft bakken).

⁸¹ Rett nok er det eitt nemndsvedtak under kvar av lovene der det kan sjå ut til at det var tilstrekkeleg for ansvar at skaden delvis skuldast naturulukka. I NSN-2013-1620 var det ifølgje faktum skade på 120 meter røyrleidningar, grøfter og skøyter, og både rotvelter, skred og flaum er nemnde som potensielle skadeårsaker. Nemnda kunne ikkje sjå vekk frå at skadane «helt eller delvis skyldes erstatningsbetingende flom». Medan formuleringa kan gje inntrykk av at det er tilstrekkeleg at skaden «delvis» skuldast ei naturulukke, tilseier (den rett nok korte) forklaringa av faktumet at det også kan tenkjast at det er rom for fleire skadar på den 120 meter lange leidningen, eller ulike skadar på leidning, grøft og skøyter. Dimed kan det vere at nokre delar av totalskaden skuldast «flom», medan andre skuldast skred og rotvelter. NSN-2009-7826 (naturskadeforsikring) gjaldt skadar på eit stort bryggjeanlegg – med plass til 240 båtar – og nemnda kom til at «skadene [...] dels er forårsaket av stormen og dels av fortøyde båtar». Igjen kan formuleringa isolert sett gje inntrykk av at det er tilstrekkeleg at naturulukka er ein av fleire samverkande årsaksfaktorar, men ut frå storleiken på bryggjeanlegget, og at nemnda dessutan skriv «skadene» i fleirtal, kan det vel så godt tenkjast at der er fleire skadar, og at nokre av dei skuldast stormen, og nokre av dei skuldast båtane. At den skadelidne berre fekk delvis medhald, støttar dette, sidan det indikerer at han ikkje fekk erstatning for alle skadane han kravde erstatning for.

⁸² Sjå t.d. NSN-2011-9323, NSN-2012-5932, NSN-2013-3353 og NSN-2014-8175. Også Naturskadepoolen legg til grunn at hovudårsakslæra gjeld, sjå Norsk Naturskadepool, «Hovedårsak», 1. januar 2017, <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skader-pa-bestemte-tingtemaer/HOVEDARSAK/> (sist lese 14. oktober 2019).

⁸³ NSN-2012-5932 og NSN-2014-8175.

⁸⁴ Grensetrekkinga er ikkje særleg tydeleg uttrykt i forsikringsrettslege kjelder, men kjem tydelegare til uttrykk i kjelder innanfor trygderetten, sjå t.d. NOU 2004: 3 s. 230; Gudrun Holgersen, *Arbeidsavklaring og trygdeytelser*, Bergen 2016, s. 188 og 189; Magne Strandberg og Tor Brøvig Aasen, «Yrkesskadetrygdens hovedårsakskrav og fordelingslære», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og velferdsrett* 2013, s. 148–172 (s. 152); Morten Kjelland, *Særleg sårbarhet i personskadeerstatningsretten : en analyse av generelle og spesielle årsaksregler*, Oslo 2008, s. 220–221.

eller krigsfareforsikringa skulle bere ansvaret, måtte det til dømes «et meget sterkt innslag av krigsfare» til før domstolane rekna krigsfaren for hovudårsak.⁸⁵ Dette tilseier at det ikkje alltid er tilstrekkeleg med litt over 50 % av årsaksbidraga for å rekne ein årsaksfaktor for hovudårsak, og ein kan dimed ikkje heilt sjå vekk frå at ein slik særskilt terskel også kan eksistere under vilkåret i naturskadeerstatningslova. Om ein slik særterskel skulle gjelde, er det påfallande at dette ikkje er kommunisert i rettskjeldene. Det mest nærliggande er difor å følgje indikasjonen i sjølve ordet «hovudårsak» og dei rådande hovudårsakslærene, og leggje til grunn at naturulukka reknast som hovudårsaka til skaden om ho står for minst halvparten av årsaksbidraga.

Uavhengig av kvar terskelen går, er det sentrale neste spørsmålet korleis ein kan vurdere kor stort bidrag kvar av årsaksfaktorane har gjeve. Dette kan vere svært vanskeleg, og kjeldene kring naturskadeerstatningslova gjev ikkje særleg sterke bidrag til tolkinga. Det er difor grunn til å sjå nærare på typetilfelle og undersøkje om enkelte moment kan utleiast frå omsyna dei aktualiserer.

3.3.3 Momenta i hovudårsaksvurderinga

Ordet «hovedårsak» tilseier at ein må samanlikne årsaksbidraget frå kvar av årsaksfaktorane. Kor stort årsaksbidrag den enkelte årsaksfaktoren har gjeve, kan avgjerast ved å samanlikne produktet av farten og tyngda i det enkelte årsaksbidraget – med andre ord *kraftbidraget* frå kvar av årsaksfaktorane.⁸⁶ I trevelt-dømet vil kraftbidraget i stormen variere med vindstyrken og kor store flater gjerdet har – det er til dømes grunn til å tru at vinden gjev større påverknad på eit stakittgjerde enn eit nettinggjerde. Årsaksbidraget frå treet varierer med kor stor fart det har i fallet og kor tungt det er. Utfordringa kan ofte vere at krafta i årsaksfaktorane ikkje er konstant. Det er særleg tydeleg ved samvirke mellom bølger og storm. Bølgjene går i slag, og vinden går i kast. Kor sterke bidrag kvar årsaksfaktor gjev, kjem an på nøyaktig kva tidspunkt skaden skjer på og kvar i svinginga bølge- og vindstyrken var akkurat då. Det er gjerne ikkje så lett å vite i ettertid.

⁸⁵ Trine-Lise Wilhelmsen, «Årsaksprinsipper og tolkningsprinsipper i forsikringsretten», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og velferdsrett* 2011, s. 228–258 (s. 239). Slik også Brækhus og Rein (1993), s. 259.

⁸⁶ Liknande moment er trekt fram som relevant i årsaksgradering meir generelt, sjå Gunnar Astrup Hoel, *Risiko og ansvar : Utviklingslinjer i forsikrings- og erstatningsret*, Oslo 1929, s. 99–100, og Gunnar Astrup Hoel, «Hovedårsaksprinsippet», *Norsk forsikringsjuridisk forenings publikasjoner* nr. 6, 1938, s. 12.

Sjølv om det er teoretisk mogleg å rekne på årsaksbidraget frå kvar av årsaksfaktorane, er det nok altså ikkje alltid enkelt å gjere det. Om det først skal vere tilstrekkeleg at naturulukka er hovudårsaka av to sist samverkande årsaksfaktorar, synest det likevel uunngåeleg å måtte vurdere kraftbidraget frå kvar årsaksfaktor.

Ved mellombels samvirke før skadetidspunktet er det ikkje alltid ei tydeleg krafttilføring som vert gjort. Eit døme som illustrerer dette, er at ei tett stikkrenne samverkar med ein flaum. At stikkrenna er tett, gjer at flaumvatnet må finne ein annan veg enn gjennom stikkrenna, og det vert dimed leia på avvegar. Om vatnet dimed til dømes går over vegen i staden for å følge stikkrenna under vegen, kan det kome til å grave i vegbana og vaske ut vegdekket. Her synest det ikkje like naturleg å rekne på kor stort kraftbidrag den tette stikkrenna og flaumen har gjeve. Ein alternativ og meir nærliggande tilnæringsmåte synest her å vere å undersøkje kor stor *innverknad på hendingsgangen* den tette stikkrenna har hatt.⁸⁷ For å få klarleik i det må ein undersøkje om skaden ville vore mindre, og i så fall kor mykje mindre, om stikkrenna hadde vore open. Om det då hadde vore minimal eller ingen skade, synest stikkrenna å kanskje vere hovudårsaka. Om det derimot var så mykje vatn at skaden uansett ville vore tilnærma like stor, synest flaumen nær til å vere hovudårsaka.

I forlenginga av det førre punktet synest det også relevant å sjå på om den årsaksfaktoren som samverkar med naturulukka, *burde vore eliminert*. Éin grunn til at dette momentet synest relevant, er at naturskadeerstatningslova skal gje vern mot skadar som ikkje kunne vore unngåtte ved vanlege tiltak.⁸⁸ Om den andre, samverkande, årsaksfaktoren kunne vore eliminert ved vanlege tiltak, kan det dimed synest som eit normativt argument mot å rekne naturulukka som hovudårsak. Om den skadelidne, eller andre, derimot har gjort alt som kan ventast for å unngå at ikkje-naturulukka skal gje årsaksbidrag, kan det tale for å rekne naturulukka som hovudårsak. Typetilfellet med samvirke mellom flaum og forhold ved ei stikkrenne kan illustrere dette nærare. Stikkrenna er i utgangspunktet eit inngrep menneske har gjort i naturen, og dette inngrepet snevrar (vanlegvis) inn rommet vatnet har til å renne gjennom. Ein kan dimed seie at stikkrenna representerer ein menneskeskapt risiko.⁸⁹ Samstundes er stikkrenna gjerne lagt ned for å førebyggje skade, til dømes for å leie vatnet under ein veg i staden for at det skal renne opp på vegen. Dette gjer at stikkrenner ofte er både naudsynlege og noko ein må godta at vert lagde ned. Ein må likevel vente at grunneigaren

⁸⁷ Momentet er også trekt fram i Hoel (1929), s. 99–100, og Hoel (1938), s. 12.

⁸⁸ Sjø Prop. 80 L (2013–2014) s. 45 (knytt til avkortingsreglane).

⁸⁹ Sjø NOU 2015: 16 s. 167 om at lukka vassdrag representerer større fare enn opne vassdrag pga. den absolutte kapasitetsgrensa og faren for tilstopping.

eller andre i ei viss utstrekning ser til at stikkrenna ikkje går frå å vere eit skadeførebyggjande inngrep til å bli ein årsaksfaktor som bidreg til skade. Det kan stikkrenna verte om ho er underdimensjonert eller vert tett av is, rusk som kjem over tid før flaumen, eller rusk som kjem med flaumvatnet.

Når det gjeld kva ein kan krevje av grunneigaren med tanke på storleiken til stikkrenna, synest det fornuftig å leggje vekt på kva krav som vert stilte i anna regelverk. Dette synest også å vere lagt vekt på i NSK-2017-20044-2. Faktumet var at intens nedbør gjorde at bekkar gjekk over breddene sine og inn mot ein veg. Stålskiner som skulle leie vatnet vekk og slik avverje skade, vart fylte med grus slik at vatnet rann inn i vegen og vegen vart skadd.⁹⁰ I NSK-2017-20044-1 nekta nemnda erstatning med tilvising til at vegens manglande dreneringssystem ikkje klarte å ta unna vatnet. Dette klaga den skadelidne over, og han viste til at vegen tvert om hadde godkjent drenering. Nemnda omgjorde etter dette det første vedtaket, sjå NSK-2017-20044-2. Akkurat kvifor dette vart gjort, er uklart, men dei nye opplysningane nemnda fekk før omgjeringa, gjev grunn til å tru at omgjeringa skuldast at vegen faktisk hadde godkjend drenering. Ei slik tilnærming, der ein legg vekt på i kva grad offentlegrettslege krav på andre område er innfridde, vil bidra til indre samsvar i regelverket.

Om stikkrenna er tetta av is, er det ei naturhending som har bidrege til problemet, men tele reknast ikkje som noka naturulukke.⁹¹ Tele er dessutan eit vanleg fenomen ein kan sikre seg mot følgjene av.⁹² At stikkrenner frys, er dimed ein risikofaktor som både er føreseieleg og kan førebyggjast eller sikrast mot. Det tilseier at ein må vente at grunneigaren ser til at stikkrennene ikkje er frosne.⁹³

Det er også pårekeleg og mogleg å gjere noko med at stikkrenna over tid vert tetta av grus, kvister og anna rusk. Å opne opp stikkrennene må kunne reknast som eit vanleg tiltak. Om slikt vedlikehald ikkje er gjort, og den tette stikkrenna bidreg til skade, kan det dimed synest å tale mot at naturulukka er hovudårsaka.⁹⁴ Om stikkrenna derimot var open før flaumen, men vert tetta av rusk som kjem med flaumvatnet, kan det kanskje stille seg annleis. Rett nok er

⁹⁰ Dette går fram av det første nemndsvedtaket i saka, sjå NSK-2017-20044-1.

⁹¹ Sjø Prop. 80 L (2013–2014) s. 38 smh. naturskadelova 1994 § 4 andre ledd.

⁹² Sjø Innst. O. nr. 18 (1996–1997) s. 2.

⁹³ Frå nemndspraksis, sjå t.d. NSN-2013-1648 der erstatning vart nekta fordi hovudårsaka til skaden var at grøftene var isa, sjølv om nemnda ikkje såg vekk frå at det var flaum ovanfor skadestaden. Derimot vart avslag omgjort i NSN-2013-15253 og NSN-2013-14943 etter at dei skadelidne hadde gjort gjeldande at stikkrennene var opne, ikkje attfrosne.

⁹⁴ Sjø også Sinding (1996), s. 15, om at det ved tette (eller underdimensjonerte) røyr og liknande ofte ikkje er vassmengdene som er årsak til skadane, men «menneskers 'dårskap'» ved manglar ved oppreinsking, dimensjonering og liknande.

det pårekeleg at flaumvatnet kjem med rusk, men det kortare tidsrommet mellom tettinga og skaden reduserer høvet til å opne opp att stikkrenna før skaden skjer. Frå nemndspraksisen gjev likevel til dømes NSN-2015-1678 døme på at nemnda har nekta erstatning med tilvising til at hovudårsaka var at stikkrennene gjekk tette – tilsynelatande under flaumen. Kva som vart lagt vekt på, går ikkje fram, og enkeltståande vedtak har ikkje noka særleg vekt. Det typetilfellet og vedtaket derimot bidreg til, er å gje grunnlag for å spørje om også *naturulukkepreget* over ikkje-naturulukka kan leggjast vekt på i favør av at skaden «direkte skyldes» naturulukka.⁹⁵ Viss ein naturulukkeliknande årsaksfaktor samverkar med naturulukka, kjem nemleg omsynet til vern mot ekstraordinære naturkrefter meir inn enn om det er ein årsaksfaktor som ikkje minner om ei naturulukke som gjev samverkande bidrag. I typetilfelle der ei stikkrenne vert tetta av objekt som kjem med flaumen, kan ein seie at det korte tidsrommet frå stikkrenna går tett og til skaden skjer, og det at objekta som tettar stikkrenna, kjem frå ei naturulukke, bidreg til å gje eit visst naturulukkepreg. Samstundes er det ikkje til å kome vekk frå at stikkrenna i seg sjølv representerer ein risiko. Sidan tettinga skjer i samvirke mellom stikkrenna og objekta som kjem med flaumvatnet, er det heller ikkje berre naturkrefter som bidreg til denne årsaksfaktoren.

Der naturulukka aleine løyser ut den årsaksfaktoren som naturulukka deretter samverkar med, er naturulukkepreget noko sterkare – men også her vil det variere. I trevelt-tilfellet kan vi tenkje oss at stormen aleine veltar treet. Likevel må ein også ta omsyn til at risikoen for trevelt er synleg for den som vel å plassere objekt innanfor fallradiusen til treet, og at det i ein del tilfelle kan la seg gjere å eliminere risikoen anten ved å sage ned treet eller å plassere objektet lenger vekke. Om den skadelidne har hatt slike høve til førebygging, kan det argumenterast for at naturulukkepreget ikkje er veldig sterkt, og at interessa hans i naturskadeerstatning ikkje fortener veldig sterkt vern.

I tilfella der storm set bølger i rørsle, er det derimot ikkje råd å gjere noko for å hindre at vatnet vert sett i rørsle. Det er heller ikkje til å unngå at til dømes kaier og moloar må plasserast der vatnet når land. Høvet til førebygging ligg då i å byggje tilstrekkeleg solid. Når den skadelidne ikkje kan gjere meir enn det, kan det synest å vere større grunn til å verne han enn i tilfella like ovanfor. Grunnlaget for vern kan dessutan synest større dess nærare femårsintervallet vasstanden er, i og med at bølgebidraget då også ligg stadig nærare å kunne

⁹⁵ Sml. Hoel (1938), s. 12, der det i vurderinga av om ulukkes- eller sjukeforsikringa skal bere ansvaret, vert fokusert på om hendingsgangen er typisk ulukkes- eller sjukdomsprega. Sjå også *Nordiske Domme i Sjøfartsanliggende* 1916, s. 76 (vist til av Høgsterett i Rt. 1916 s. 1117), der sjøretten på s. 78 uttaler at hovudårsaka er den årsaka som «bestemmer ulykkens væsen».

reknast inn som naturulukka «stormflo». Eit viktig motargument her er likevel at dette kan ende i omgåing av stormflovilkåret lovgjevaren har stilt opp, og dimed vere ei illojal tilnærming til naturulukkevilkåret og årsakskravet.⁹⁶ Kor mykje vekt som kan leggjast på naturulukkepreget, er dimed uvisst.

Eit siste moment som det er grunn til å trekkje fram, er skiljet mellom *aktive og passive årsaksfaktorar*.⁹⁷ Når flaumen tek med seg ein rundballe og rundballen under samanstøyt med ei bru får slike rifter at han vert øydelagt, må ein nok seie at skaden skuldast samvirke mellom flaumen og brua. I eit slikt tilfelle er det flaumen som har sett rundballen i rørsle, og det er flaumen som har ført rundballen fram til brua. Brua berre står i vegen og er ein passiv årsaksfaktor. Nettopp dette momentet kan tale for at det heller er flaumen enn brua som er hovudårsaka til skaden.

Dei framheva momenta – kraftbidraget, om det burde vore gjort meir for å eliminere ikkje-naturulukka, naturulukkepreget og skiljet mellom aktive og passive årsaksfaktorar – har ikkje særleg sterk støtte i rettskjeldene. Relevansen og (særleg) vekta av dei er difor uavklara. Det er også godt mogleg at fleire moment kan trekkjast inn før den avsluttande heilskapsvurderinga som uansett må gjerast. Mangelen på autoritativ avklaring av kva som er riktig tilnærming til tilfella med samverkande årsaksfaktorar, er uheldig både av omsyn til dei potensielt skadelidne sitt høve til å føresjå si eiga rettsstilling og av omsyn til å sikre einskapleg rettsbruk.

4 Avsluttande merknadar

Analysen har vist at årsakskravet «direkte skyldes» inneber at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren før skaden, og ved samvirke dessutan vere hovudårsaka til skaden. Særleg det første inneber ei svært streng rettsleg avgrensing av årsakssambandet, men sidan årsakskravet er meint å vere strengt, kan ikkje den innvendinga vege tungt. Det som det er større grunn til å stoppe opp ved, er at årsakskravet leier til svært vanskelege vurderingar.

Kor vanskelege vurderingane vert, vil variere med typetilfella. Ei samanlikning av tilfellet der eit tre fell over eit gjerde, og der ein trestokk i flaumvatnet støytar inn i og skadar ei bru, kan illustrere dette. Treet vil truleg liggje att som «bevis» over gjerdet, medan trestokken som slo

⁹⁶ Sjø liknande fleirtalets grunngjeving for å ikkje rekne den samla påverknaden frå nesten-stormflo og nesten-storm som ei naturulukke i LG-2015-102574.

⁹⁷ Også trekt fram som generelt relevant av Hoel (1929) s. 99–100 og Hoel (1938) s. 12.

inn i brua, kan ha blitt drege vidare av vatnet. Kan hende er heile brua også teken av vatnet som følgje av skaden. Kva som var den første – og eigentlege – årsaka til skaden, kan då vere vanskelegare å vite.

Ved samverkande årsaksfaktorar er det spørsmålet om kor stor årsakskraft kvar årsaksfaktor har tilført, som gjev utfordring. Ei anna utfordring er at det er uklart kva moment som er relevante i vurderinga av kva for ein av årsaksfaktorane som er hovudårsaka.

Det er grunn til å spørje om desse utfordringane i for stor grad påverkar tryggleiken lova er meint å gje dei skadelidne.⁹⁸ Her er det relevant å sjå både til ressursbruken som eventuelt må til for å gjere vurderingane fullt ut, og det at sakene i stor grad vert endeleg avgjorde med skriftleg sakshandsaming i forvaltninga.

Undervegs i drøftingane har vi sett at det særleg er handboka frå Norsk Naturskadepool som har gjeve uttrykk for årsaksvurderingar som er mindre strenge, og som tilsynelatande gjer at somme av dei vanskelege bevisvurderingane vert unngåtte. Grunngevinga for dette er uklart. Ein grunn kan – som nemnt ovanfor – vere at Skadeutvalet har vedteke at forsikringselskapa skal følgje ei slik avvikande tilnærming. Dette kan tenkjast å vere for å vise velvilje overfor forsikringstakarane. I lys av vanskane som er peika på ovanfor, kan ein lure på om ein mogleg grunn er at det er funne tenleg å praktisere vilkåra på ein slik måte at somme av dei vanskelege årsaksvurderingane vert unngåtte. Om det siste er tilfellet, kan det tilseie at det er grunn for lovgjevaren til å vurdere nærare om ei liknande endring ville vore riktig også under naturskadeerstatningslova.

⁹⁸ Sjø t.d. Utredning ny naturskadelov (2008), s. 18, om at naturskadeerstatningslova skal bidra til tryggleikskjensle hjå folket.